

# Notat

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 22.10.2008  
Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen  
Sakshandsamar: Ivar Eriksen  
Saka gjeld: **Riksrevisjonen sin rapport om den årlege revisjon og kontroll for budsjettåret 2007 - Dokument nr. 1 (2008-2009)**

**Styresak 103/08 O**

**Styremøte 05.11. 2008**

**Administrerende direktør si orientering pkt 3**

---

Riksrevisjonen sin rapport om den årlege revisjon og kontroll for budsjettåret 2007 blei oversendt Stortinget 14. oktober 2008. Dokumentet inneheld resultatane frå revisjonen av departement og statlege verksemdar, og kontrollen med forvaltninga av selskap der staten er eigar.

Eit utdrag frå dokumentet som gjeld Helse- og omsorgsdepartementet, er vedlagt.

Eit forhold Riksrevisjonen har stilt seg særleg kritisk til er at det framleis er store regionale forskjellar i del pasientar som blir tildelt rett til nødvendig helsehjelp. Det er peikt på at ulik praktisering av prioriteringsforskrifta kan føre til at pasientar får ulik behandling og ventetid avhengig av kva helseregion dei høyrer til, og at dei ikkje får oppfylt rettane sine.

Riksrevisjonen har også merknadar til at det er auke i gjennomsnittleg ventetid for pasientar med rett til nødvendig helsehjelp innan somatikk og psykisk helsevern for vaksne, og til manglande måloppnåing og svak resultatrapportering innan prioriterte område som habilitering og rehabilitering, psykisk helsevern og rus. Det er også peika på at det over fleire år ikkje har vore gode nok rapporteringsrutinar for kvalitetsindikatorane.

I tillegg til dei generelle merknadane som er retta mot forvaltninga av alle dei regionale helseføretaka, har Riksrevisjonen med omsyn til Helse Vest RHF også merknader knytt til korridorpatientar ved Stavanger Universitetssjukehus.

I forhold til oppfølging av tidlegare rapporterte forhold, har Riksrevisjon kommentert sak omtala i Dok nr 1 (2005-2006) vedrørende tildeling av einerett til Helse Vest IKT. Riksrevisjonen konstaterar at det er usemje mellom Riksrevisjonen og Helse- og omsorgsdepartementet og har bedt om at saka blir lagt fram for regelverksforvaltar som er Fornyings- og administrasjonsdepartementet. Styret vil få seg førelagt ei eiga sak om dette på eit seinare tidspunkt.